



Det kgl. kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	08/751-4	08/10021	N-212/	22.12.2008

Høyring - Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova

Viser til dykkar brev av 04.11.2008 der endringar i m.a lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen er sendt på høyring.

Nokre kommentarar frå Ullensvang herad:

Til pkt 2 Forslag om å lovfeste plikt til forsterket opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1. – 4. årstrinn.

Ullensvang herad ser positivt på tanken om å satsa meir på tidleg innsats for å auka alle elevane sine ferdigheiter i lesing og rekning. Ei auka satsing på lærartettleik i dei første åra har vore vanleg i vår kommune, men med stadig dårlegare kommuneøkonomi er det skule som går tapande ut av kampen om dei kommunale kronene. Det spørst om ikkje tilskotet skulle vore øymerka til skule. Eit anna problem med forsterka opplæring kan vera at det vil vera vanskeleg å få tilsett kvalifisert personale til å gjennomføra opplæringa, spesielt i kommunar ute i distrikta.

Når det gjeld finansieringa av dette tiltaket, seier departementet at utskifting av læremidlar tilpassa Kunnskapsløftet er gjennomført, og bruken av frie midlar vert ført vidare til bruk for forsterka opplæring. Når ein kjenner til dei mange problema det har vore med m.a. nye lærebøker, er det grunn til å stilla spørsmål om innføring av nye læremidlar er fullført. Skulane har ikkje fått nok tid til å føreta ei grundig vurdering av aktuelle læremidlar etter at desse har kome i handelen, og ein kan trygt seia at innføringa av nye læremidlar tilpassa Kunnskapsløftet ikkje på langt nær er fullført. Når no midlane frå staten til dette tiltaket vert brukte til forsterka opplæring, må skulane konkurrera med andre viktige kommunale oppgåver om midlar. Då vil truleg læremidlar tapa kampen.

Til pkt 3 Forslag om å endre bestemmelsene om organisering av elevene i grupper – kravet til elevenes sosiale tilhørighet.

Har ingen merknader til denne endringa.

Til pkt 4 Forslag om å lovfeste plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innenfor grunnopplæringen.

Om ikkje noko anna skjer, så vil ein truleg med denne lovendringa få sett skule på dagsorden på heradsstyremøte om ikkje meir enn ein gong pr. år. Skal ein rapportera på informasjon ein finn på www.skoleporten.no vil ein i små kommunar møta på problem, då mykje av denne informasjonen p.g.a få elevar er unnateke offentlegheit (Jfr. Rettleiing til Nasjonale prøvar). Sjølv om ein vel å lukka kommunestyremøtet når ein legg fram ein slik rapport, har ein problem med å sjå føremålet med ei slik framlegging.

Korleis ein skal greia å få til betre kvalitet i grunnopplæringa med bakgrunn i ei slik rapportering er me meir i tvil om. Når det gjeld krav til skule-eigar om å ha eit forsvarleg system for vurdering om krava i opplæringslova og forskriftene vert oppfylt, er dette ei stor utfordring for små kommunar. Krava til system er det same for alle, men i mange små kommunar - som i vår kommune - er bemanning og kompetanse hjå skule-eigar gjennom tidene bygd ned til eit minimum.

Til pkt 5 Forslag om å presisere minoritetsspråklige elevers rett til utvidet opplæring i videregående opplæring med inntil to år.

Har ingen merknader til denne endringa.

Til pkt 6 Forslag om å presisere plikten til foreldresamarbeid i grunnopplæringa.

Ullensvang herad ser positivt på at plikta til foreldresamarbeid vert utvida til også å gjelda første året på vidaregåande skule. Dette kan ha positiv innverknad, slik at trenden med stort fråfall i vidaregåande skule vert snudd.

Til pkt 7 Forslag om å lovfeste rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskoleopplæringa.

Dette er ei forskriftsendring som burde vore gjort gjeldande for alle elevar i grunnskuleopplæringa, ikkje berre dei eldste elevane på barnetrinnet. Med auka vekt på teorifag og bortfall av høve til å velja praktiske aktivitetar (valfag) nokre timar for veka, er fysisk aktivitet eit kjærkome avbrekk i ein teorieprega skulekvardag. Dersom desse timane skal fordelast berre til nokre få klasser, vil ein tru at 6. / 7. klasse er eit høveleg trinn å starta på. Det bør verta lagt opp til fleksibilitet i plassering av timane, slik at det ikkje fører til auka problem med skyss for elevane. Timefordelinga mellom dei ulike trinna bør avgjerast lokalt, slik at ein får timetalet til å gå opp med heile dagar. Då slepp ein store utgifter til skyss av elevar.

Det er lagt opp til at fysisk aktivitet skal gjennomførast av ikkje pedagogisk personale. Det vil truleg gjera det lettare å få personale til aktiviteten, men me er litt uroa over utviklinga på lengre sikt, dersom dette er starten på at ikkje ped. personale skal gjennomføra fleire aktivitetar i skulekvardagen (t.d. leksehjelp). Er denne forskriftsendringa eit forsøk på å koma unna det framtidige problemet med underskot på kvalifisert pedagogisk personale, er det eit dårleg forsøk. Dersom ein opnar for denne praksisen, ligg det ope for at han vert følgt opp med likande tilpassingar innan andre område, jfr. ordlyden i lovframlegget - "...aktivitetar som ikkje er opplæring i fag". Dette vil vera eit problem som truleg først gjer seg gjeldande i små kommunar. Me ser alt no tendensen til at det er vanskeleg å skaffa kvalifisert personale i einskilde fag.

Til pkt 8 Forslag om å endre bestemmelsen om private skoler for funksjonshemmede.

Har ingen merknader til dette framlegget.

Til pkt 9 Forslag om å endre bestemmelsen om skolepenger for særskilt tilrettelagt vidergående opplæring i kombinasjon med toppidrett.

Har ingen merknader til dette framlegget.

Med helsing
Ullensvang herad

Inger Sekse
Pedagogisk konsulent

Sakshandsamar sin tlf: 53671573
Sakshandsamar si e-postadr.: inger.sekse@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok